




Varhaug Misjonshus



Jeg har valgt å følge Jesus



Innhold:	Himmelhåp over livet	Side 6
	Me sang jula inn 2012	Side 14
	Med brann for Finnmark	Side 19
	Jæren Outreach	Side 22
	Ny internettside	Side 27



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



normisjon



BØEN STORKIOSK

SPILL OG KIOSKVARE

Ta en pause og nyt av vårt
rikholdige tilbud
på små-retter som
Pizza • Biff-snadder
Løvestekallerken

TIPPING



Chicken Nuggets
Kylling m/ tilbehør
Hamburger • Pita • Bakervarer

*Større bestillinger kan også
leveres etter avtale
Henvendelse til Kine i butikken,
51430099*

Bohus®

Velkommen til vårt flotte varehus på Håland, Bryne

Åpningstider: man.-fred. 10.00-19.00
lørdag 10.00-15.00

Tlf. 51 77 84 40 • www.bohus.no

SpareBank

SR-BANK



HÅ REGNSKAP OG DATA

Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E-mail: runeo@hrd.no

Murmester

Waldeland & Dubland

Djuphold 3, 4360 Varhaug - Fax. 51 43 12 22
e-mail: waldedub@online.no

Sverre Waldeland - leder Tlf. 992 50 989
Pål Dubland - HMS-leder Tlf. 909 70 269
Oddbjørg Waldeland - kontor Tlf. 980 77 662



- fagkunnskap gir trygghet.



FØREMÅL MED HUSET ER:

ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2013

25. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Steinar Ånestad

Mob: 902 02 902

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Per Kristian Haarr Skrettingland

Mob: 934 19 008

Normisjon

Formann:

Per-Arvid Jakobsen

Tlf: 926 17 652

Indremisjonsforbundet

Formann:

Tom Magne Ueland

Mob: 958 49 889

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag kl

1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8 er opningstid 2000-2100)

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 90058503

Frå redaksjonen

3

Når bladet går i trykken er det meste av vårsemesteret på misjonshuset passert.

På misjonshuset er me heldige som har mange lag og organisasjonar som står på og som fornyar seg. Dette gjeld og redaksjonen. Asle Haukland som har vore med sidan hausten 2010, har bedt om avløysing. Grete Håland stilte villig opp i staden, så redaksjonen er fulltallig.

Takk til Alse Haukland!

Arbeidet på misjonshuset er mangfaldig og inneheld noko for alle aldersgrupper. Gjennom dette bladet ynskjer me i redaksjonen å gje folk på Varhaug eit innblikk i kva dei uløke organsisasjonan driv på med.

Arbeidet på misjonshuset strekkjer seg langt utafor Varhaug, og med internett og nettsida til misjonshuset, kan folk uansett kor dei er i verda, fylkgja med i det som føregår. Dette gjeld og å lesa misjonshusbladet. Det vil verta lagt på nettsida vår som ei pdf-fil, og då kan den enkelte, enten me bur her eller langt vekk, gå inn og lesa både dette, haustnummeret 2012 og framtidige nummer.

Dersom det er nokon som ynskjer å senda stoff til bladet, så er e-mailadressa: redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Misjonshuset har nå fått ei kraftig internett-linje, og det er trådløst nett. Så nå er det mogeleg å bruka moderne ting slik som bærbar PC eller nettbrett over heile huset.

I redaksjonen: Njål Omland, Einar Mattingsdal, Per Åge Skretting og Grete Håland.



Vår utfordring og kall:

- å la oppdraget (Matt. 28. 18-20) vera bestemmende for haldning og handling!

Og Jesus steig fram , tala til dei og sa:
Eg har fått all makt i himmelen og på jorda!
Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar,
me di de døyper dei til namnet åt Faderen
og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei til
å halda alt det som eg har bode dykk.
Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge
verda står!



butikk

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

Comfort

Rørleggeren i nærheten

Mæland Rør as

Langgata 15, 4362 Vigrestad
Tlf: 51 43 73 01 Fax: 51 43 78 89
vigrestad@comfort.no
www.comfort-vigrestad.no

coop

høyland og jæren

avd. Varhaug
Ganddalsgt. 1 - 4306 SANDNES

BYGG **MIX**

coop
mega

KJÆRNEBORING

BETONGSAGING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

Me treng TOMTER

Ta kontakt for en uforpliktende vurdering
av muligheter og pris

NORGESHUS

Varhaug

BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland a.s**



Varhaug, tlf. 51 43 07 70 • jonharald@norgeshus.no

- fagkunnskap gir trygghet

EL-TEAM

Elektroentreprenør

Tlf. 51 48 67 40 - Fax. 51 48 67 41
Mobil: 98298488

HAUCK

PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815



Å SJÅ KVARDAGEN MED HJARTA.

Bibelen er spanande lesing. Den fortel mange spektakulære historiar om spanande personar; Moses og utvandringa frå Egypt, David og Goliat, Apostlane sine opplevingar – lista kan verta lang. Noko av det som gjer desse historiane så spanande er Gud si rolle i dei: Han har kontakt med menneska, og leier dei i deira gjerningar. Det er fascinerande å sjå korleis desse heilage menneska har så tett kontakt med Gud i sine liv. Eg skulle ynskje Han til tider kom så tydeleg inn i mitt liv – tala til meg, leia meg som han leia Moses. Eg møter han på misjonshuset, gjennom Hans ord frå talarstolen, gjennom lovsong – og for eigen del ofte gjennom kristen populærmusikk – og møtet kan vera hjarteleg og nært.

Det er i slike stunder, når ein opplever Gud på nært hald, at ein føler på ein kjærleik, ei takksemd, og ein lengsel etter meir nærvær. Men kvifor treff eg berre Gud for eksempel på misjonshuset eller i kyrkja? Kvifor høyrer me ikkje i vår kvardag om den type hendingar som me les om i Bibelen, som ville fått folk sine auge opp for den mektige Gud me trur på?

Vår eigen kvardag er, ved nærare ettersyn, svært så kompleks og samansett. Så mange hendingar, så mange intrykk, at dei druknar i kvarandre. Om du ved sengekanten på kvelden tek eit steg tilbake og tek dagen føre deg, kva ser du då?

For mange år sidan skulle me leggje om strauminntaket heime på garden. Arbeidet var ferdig, alt var på plass, og eg fekk i oppgåve å kutte den gamle leidningen. Uvord tok eg ein røyркuttar, i mangel på noko betre i farta. Eg stod støtt, og skrudde kniven lengre og lengre inn i gummien. Så mista eg balansen, såg eit blendande kvitt ljøs, følte ein sterk varme og høyrde gnistrar som flaug. Så mykje elektrisitet – snakk om flaks!

Óg for ei tid tilbake var eg med på oppdrag for opne dører. Eg vart stoppa i tollen av ein tollar som ville sjå på innhaldet i handbagasjen

min. Hjarta dunka hardt og fort når han tok ut den eine personlege tingen etter den andre, og kom nærare pakkane i botnen for kvar gjenstand han tok ut. Så stoppa han, såg litt på barbermaskinen, gav meg sekken og tinga, og vinka meg vidare. Spør om eg var letta!

Eller ser du dette:?

Eg stod støtt, skrudde kniven lengre og lengre inn i gummien. Så kom ein engel i eit blendande kvitt ljøs og skubba meg litt til sida akkurat i rett augneblink. Eg høyrde gnistrar som flaug. Snakk om nærkontakt!

Hjarta dunka hardt og fort når tollaren tok ut den eine personlege tingen etter den andre, og kom nærare pakkane i botnen for kvar gjenstand han tok ut. Så sa Herren til han at han ikkje skulle sjå meir, at han skulle gie meg sekken og tinga, og vinka meg vidare. Snakk om leiing!

Hendingane som auget ser der og då er oftast ikkje meir enn daglege gjeremål, tilfeldigheter og direkte fylgjer av andre hendingar i nær fortid. Det er dagen som går, og som til slutt ender opp foran fjernsynet som nok eit avslutta delkapittel. Skulle du likevel stoppe opp ved sengekanten og sjå desse same hendingane med hjarta, kva ser du då?

Gud er ikkje ein eventyrgud som er nær deg berre i dei stunder du sjølv kjem til Han. Han er ein aktiv Gud, nær deg og med deg i din kvardag; i dine hendingar – Han er der! Du må velje å sleppa han til; du må velje å sjå etter dei fotspor Han etterlét seg – for Han er der! Lik som Samuel måtte bli fortalt: det er Herren! Slik må me læra å lytta – for Han er der!

Øystein Varhaug

Himmelhåp over livet

I samtale med Torfinn Ueland.

Han låg på sofaen, sjukdommen var aggressiv og han visste ikkje kva utfallet ville bli. Liv eller død? Ei merkeleg kjensle. Då var det dette eine – himmelhåpet.

Torfinn Ueland har gjennom livet fått vore med på mykje. Først var det garden og arbeidet der, seinare vart det Holmavatn og misjonsarbeid som tok det meste av tida. Men gjennom livet har han òg fått erfara at ikkje alt gjekk slik ein hadde tenkt. Livet baud ikkje alltid på medgang. Og motgangen kunne stundom synast uoverkomeleg. Først tap av eige barn, seinare tap av eiga helse.

Men midt i dette har Torfinn fått oppleve styrken i himmelhåpet. Det ber gjennom både motgang og sjukdom. På bordet framfor stolen ligg songboka. Han er glad i den. Særleg i himmelsongane. Ofte tek han fram songboka og les frå den.

Bott en dag, et ögonblick i sänder,
Vilken tröst vad än som kommer på.

.....

Blott en dag et ögonblick i sänder,
Tills jag nått det goda land.

- Det himmelen som er målet. Det er det som skil oss frå dei verdslege. Ja me veit det. – flyttar me så flyttar me heim. Røvaren som hang på korset bad om at Jesus måtte koma han i hug.

"I dag skal du få vera med meg i paradís." I grava er det berre restane att.

Under sjukdommen vart han bedt for. Dei neste prøvane viste at sjukdommen var på retur. Og det før legane hadde kome i gang med behandlinga. Eit under måtte dei vedgå.

- Eg har aldri klandra Vårherre for det som har møtt meg. Gud ser lenger enn oss.

Hitintil Herren har hjulpet så vel, inntil i dag til i dag. Eit minne frå den tid han hadde si teneste på Holmavatn dukkar opp.



- Me hadde manns møte. Under eit av møta vart ein av deltakarane alvorleg sjuk. Han fekk koma inn på eit rom og leggja seg nedpå. Me forstod at det var hjarta som heldt på å svikta. Før lege og ambulanse nådde fram var han død. Me opplevde det som at Jesus sjølv kom ned og henta ein av sine heim og etterlet oss i fred.

Hvor underlig er du i alt hva du gjør,
hvem kan dine veier forstå?

For nokre år sidan fekk han slag og måtte vera heimafrå i fleire veker.

- Då var det gildt å sjå att misjonsfolket.

Han tenkjer ikkje organisasjon, han tenkjer på dei som samlast på Misjonshuset, og han gleder seg over at så mange unge nå er i ferd med å overta.

- Me må vera takknemlege, sjølv om me ikkje alltid er einige. Og så skal me be om vekking og leva i det. Be om at dei unge må få bruk for Jesu nåde.

Torfinn er glad i song. Då Musikklaget vart starta, vart han straks med der. Det var godt å vera der. Men for 3 år sidan sette sjukdom ein stoppar for det. Han saknar det. Det var ikkje det han skulle lenger. Nå har han fått bønetenesta i staden.

Men sjølv om kreftene minkar, møter han trufast opp på Misjonshuset. Ikkje minst er han glad i å gå på eldretreffa.

- Arbeidet der er viktig. Det er dei som har kortast tid att.

Heime lyttar han trufast til Nytt liv media og Jæren Misjonsradio. Andaktane og songen der set han stor pris på. Og borte i ei hylle står ein gamal bandopptakar. Den har han arva frå far sin. Nokre gonger tek han den fram og lyttar til songen. Her er det fleire amerikanskinspirerte songar, blant anna "Kom til den hvitmalte kirke."

Midt i sjukdommen han må leva med, er han takknemleg. Takknemleg for freden og roen han får ha. Takknemleg for ikkje å ha det vondt. Takknemleg for alle gode minne frå Holmavatn. Og ikkje minst takknemleg for kona, Oddny, som har stått trufast med han gjennom alle desse åra.

"Eg lyfter mine augo til fjella: Kvar skal mi hjelp koma frå? Mi hjelp kjem frå Herren, han som skapte himmel og jord." (Salm 121.1)

Einar Matningsdal

TEMA FOR VARHAUG MISJONSHUS 2013



Temaet for Varhaug Misjonshus for 2013 er det enkle ordet Kom

Philip sa til Natanael i John 1.46: Kom og sjå. Natanael kom og fekk møta Jesus og tru på han.

Som Philip gjorde det, ønskjer Varhaug Misjonshus med dette temaet å invitera til og peika på Jesus. Invitasjonen gjeld alle, både dei som ikkje har møtt Jesus, og dei som treng å møta han på ny.

Temaet utfordrar også alle som kjenner Jesus til å invitera andre til han. Å få ein personleg invitasjon kan vera det som skal til for våga å koma. Men vert du ikkje invitert av nokon, så skal du veta at du fortsatt er hjarteleg velkommen både til Jesus og på misjonshuset.

Jesus seier i Matt 11:28:

Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gie dykk kvile

Det er også andre løfte i Bibelen for ordet Kom:

Matt 4:19 Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar

Matt 14:29 «Kom!» sa Jesus. Peter steig ut av båten og gjekk på vatnet bort til Jesus.

Kjem du?

Njål Omland



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN


FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN

Varhaug
Tlf: 51 43 61 00



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no
www.vph.no

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G

Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556

Tid for rehabilitering?

I over 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg. Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006

E-post. post@bm-sl.no


NORGESHUS
Skrettingland
& Lobekk as

Fra styret

Ja, nå nærmer det seg vår og sommar sjølv om det ikkje ser sånn ut ute når dette vert skrive. Årsmøtet for misjonshuset var den 4. april utan dei store utfordringane. Det er ein stabil gjeng som er med i styret slik at det er lita utskifting.

I skrivande stund er det vår-dugnaden som står for tur. Me legg opp til rydding både innvendig og utvendig til konfirmasjonar og selskap som huset er leid ut til.

Tanken er å gå i gang med dette i mnd-skifte juni/juli. Me ynskjer at folk melder seg til dugnad sånn at det går fort unna. Ta kontakt med Terje Skretting (tel. 90059582) eller ein i husstyret. Sjå oversikt side 23.

Ellers så er tida inne for avslutningar av foreningar og kor for sommaren. Det vert ei kort hektisk tid nå før me går inn i ei roligere sommertid.

Me ynskjer at alle skal finna seg vel til rette på misjonshuset, på alle aktivitetane som føregår på huset. Statistikkane viser at det er mykje som skjer for alle alders-grupper.

Dette håper me i styret kan fortsetta og me ynskjer både gamle og nye velkommen på misjonshuset for å oppleva fellesskapen her.

Helsing Styret v/Loyd Aanestad



www.rogalandbildeler.no

Biloppugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 Egersund

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



Lerbrekk, Varhaug • Tlf. 916 88 922 • www.jaerengulv.com

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

Lars Gaute Sport

sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

BYGGMESTER O d m u n d VAGLE



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug



Nærbø Rør og Elektro

ALT INNEN
VVS OG
ELEKTRISKE
INSTALLASJONER

Installasjon tlf. 51 79 11 20

VAKTTELEFON ELEKTRO:

977 67 070

ahlsell
Bademijs

Rør tlf. 51 79 11 25

VAKTTELEFON RØR:

930 19 400

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500

Leverandør av trelast
og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Min song

SER DU EN SØNDERKNUST SJEL PÅ DIN VEI.

1. Ser du en sønderknust sjel på din vei, Gå ikke kald forbi! Kanskje lot Herren ham just møte deg. Gå ham da ikke forbi! Rekk ham din hånd og gi ham et ord, La ham få føle han er din bror! Gå ei forbi. Gå ikke kald forbi.

2. Ser du en bror eller søster som falt, Gå ei med dom forbi! Kanskje at også for deg det gikk galt, Om du ble fristet som de. Ingen så trenger et trøstende ord, Som de for hvem det gikk galt på jord. Gå ei forbi. Gå ei med dom forbi.

3. Det er så mange som segner om, Venn, gå dem ei forbi! Livstrette, håpløse sjeler som Synker, går du forbi. Stans, kjære venn, bøy deg kjærleg ned, gi dem din hjelp og varmt for dem bed. Til ham som ei, Som ei går en forbi.

Ein dag då min innvandrарvenn gjekk i byen, såg han ei dame som låg og blødde. Alle gjekk bare rett forbi henne. Han tykte det var grusomt at ingen hjalp henne. På asylmottaket hadde han lært at utenlandske menn aldri må prøve å hjelpe norske fulle damer, fordi dei kan bli beskyldt for å vera involvert etterpå. Derfor ringde innvandraren ein norsk

venn som kom og hjalp han. Dei fekk med seg dama og køyrde henne til ein stad ho kunne få hjelp. Innvandraren vitna om Jesus til henne. Dama fortalte at ho hadde Jesus i sitt hjerte, men sleit med å bli kvitt alkoholen.

Denne historia minner om den barmhjertige samaritanar. Han var og ein utlending som stoppa opp og hjalp ein som låg og blødde.

Går du forbi?

Grethe Honnemyr





Varhaug Servicenter AS

Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



4356 Kverneland
Tlf. 992 06 601 / 992 06 602

Dame- og herrefrisør - Solarium



Er du
fornøyd
- er vi
fornøyd

Sentrum Salongen

Anestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

REDKEN
5TH AVENUE NYC



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug
Telefon: 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE

MCA
CAR SERVICE

T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting

mob. 906 80 143
mob. 975 54 681 (Erik)
trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Regnskapsfirmaet på Jæren

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66
Pb. 210, 4349 BRYNE



www.jarok.no NARF

Velkommen til nasjonalfest på *Misjonshuset kl 19!*

I komiteen dette året: Kristian Skrettingland, Marit Jakobsen, Tron og Anne Brit Stokkeland, Monica og Tormod Nord-Varhaug, Gudrun og Ståle Ånestad.
Festtalar: Paul Odland.

I komiteen i fjor var Solfrid og Erik T. Skretting, Steinar Ånestad og Monika Nord-Varhaug, Gudrun og Ståle Ånestad, Kristian Skrettingland og Marit Jakobsen.
Festtalar: Dagfrid Bekkeheien Skrettingland.

Bilete frå festen i fjor:



2012

Me sang jula inn





Nye styrer i eigarorgansisajonane



NLM styret

Tide Ekroll, Solfrid Harbo, Ellen Hobberstad Olsen, Bjørg Vistvik Stokkeland og Steinar Ånestad. Knut Undheim er også med i styret, men ikkje med på biletet.



NMS-styret

Fv: Anne Turid Varhaug, Ingunn Lima, Per Kristian Skrettingland-Haarr, Tarald Ånestad, Ingrid Helen Ånestad og Ove Håland.



IMF styret

Fv: Tom Magne Ueland, Jarand Scheie, Solfrid Skretting, Anne Brit Stokkeland og Toril Skretting



NOR-styret

Fv: Jarand Scheie, Tor Jarle Ueland, Gunhild Nord-Varhaug, Eirik J. Varhaug og Per-Arvid Jakobsen
Framme: Andreas Tysse

Livet i *imperiet*

Helga 19.-21. april var det møtehelg på misjonshuset. Knut Kåre Kirkholm frå Fjellhjaug skular vitja oss og tok oss med inn i Esters bok og hjalp oss trekkja ut nokre lærdommar frå boka jamvel Luther var skeptisk til å ha med i Bibelen.

I Esterboka lev jødane som framande i Persia. Dei lev i imperiet, i eit samfunn kor Herren og lova hans ikkje har nokon plass. Målestokken vert heilt annan i eit slikt samfunn.

Mannen vert måla rikdom, det er mandig å ta seg ein real fest og det gjev status å ha ei vakker kone (1:1-21).

Kvinna vert måla etter utsjånad og god utsjånad gjev henne betre sjansar til suksess (2:1-4; 12-14).

Me treng ein annan konge. Ein som vart fattig for vår skuld og som ikkje ser etter elsker bruda fordi ho er vakker, men gjer henne vakker fordi han elsker henne.

Historia om Haman underviser om hovmod som smillaust (3:5; 5:9-10, 13); søvnlaust, (5:14; 6:4); og omsynslaust (3:6-15) sjølvfokus. Problemet med hovmod er at det inneber fiendskap mot både Gud og medmenneska.

Den hovmodige vil før eller seinare falla (6:6-12; 7:8-10).

Haman trong å bli sett og stadfesta av kongen, sola seg i glansen av kongen. Det er ei menneskeleg trong og ikkje gal i seg sjølv. Problemet til Haman var at han søkte feil konge.

I imperiet vel både Mordekai og Ester kvar sin overlevingsstrategi og havnar i kvar si grøft. Mordekai teier om kven han er (2:10, 20).

Ester deltek i spelet etter spelereglane som herskar i imperiet. Ho vinn heile "Miss Persia-konkurransen" (2:15-18).

Når dei vert pressa, må dei endra startegi. Mordekai fortel kven han er (3:4) og Ester trassar spelereglane og set livet på spel for å redde folket sitt (4:15-16). Når vi ligg i grøfta må vi først og fremst ropa til Herren (Sal 40:2-3). Då trur eg me vil hamna under press, slik Mordekai og Ester gjorde.

I Esters bok vert Gud aldri nemnt, heller ikkje der det ville vore naturleg å gjera det (4:16). Boka underviser oss om at Gud handlar i det skjulte og at han har makt til å venda alt til det gode (Rom 8:28).

Steinar Ånestad



Fellesmøte 2013



KOM
VARHAUG MISJONSHUS 2013

5. – 17. mars var det fellesmøte på Varhaug Misjonshus. Talarane var Nils Kåre Strøm og Tom Oseberg.

Møta varierte med forskjellige songkrefter og innslag, og alle kora på misjonshuset var med. Mange var innom på møta, og spesielt familiemøtet med minikoret trakk mykje folk. Laurdag 9. Mars var det besøk av «Han Innante» (Torolf Nordbø). Då var det stappfullt hus og mange fekk seg både ein god latter og høyra sterke og direkte vitnesbyrd.

Under møta var det ein klar invitasjon:

Joh 11,28: Meisteren er her og spør etter deg

I Lukas 14, 16-20 kan me lesa om det store gjestebodet. Mange vart bedne, men ingen av dei som fyrst vart bedne sa ja. Alle hadde ein grunn til å takka nei. Det var ikkje gode grunnar, dei ville ikkje koma.

Invitasjonen er skriftleg: Kom for no er alt ferdig, Luk 14:17



TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Tlf: 51 77 91 00

www.time-sparebank.no

Med brann for

Finnmark

Mandag 15. April hadde foreningene til ImF Varhaug samlet laget vårt til en Finnmarkskveld på ungdomsloftet på Varhaug Misjonshus. Indremisjonsforbundets Finnmarkskonsulent Roald Evensen var med og fortalte fra misjonsarbeidet i Finnmark, sammen med Arne Edvard Meling som ledet oss i lovsang.

Foreningene til ImF Varhaug har ett sterkt ønske om at flere skal høre evangeliet om Jesus Kristus forkynt, og har en særlig brann for å støtte opp om forkynnere og arbeidere i Finnmark slik at flere der og får ta del i nådens mysterium. Derfor ønsker vi og å innby til basarhelg 5-8. September 2013 til inntekt for Finnmarksarbeidet, der Roald Evensen og Arne Edvard Meling blir med oss hele helgen.

Velkommen!

For ImF Varhaug
Tom Magne Ueland



EIK

SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798
Hjemmeside: jts.as

BARNA SI SIDE

Denne songen må du lære deg! Dersom du ikkje kan tonen, skal du få mor eller far, bestemor eller bestefar, eller nokon andre til å syngja den ilag med deg! Snart kan du alle versa utanåt!

Liten er jeg nok

Liten er jeg nok, men jeg kan nå like opp til himmelen den blå.
På den stigen Gud har laget til, går jeg opp og ned så titt jeg vil.

Fort og lett jeg går fra trinn til trinn. Jesus åpner porten, jeg går inn.
Og får snakket selv med Gud, min Far, om alt det som jeg i tanker har.

Først så takker jeg og siden ber, for meg selv og mine venner her,
Lillegutt og pus og far og mor, og for alle sultne barn på jord.

Gud vet om det alt, han er min venn, derfor kan jeg glad gå ned igjen.
Ikke alt jeg ber om har jeg fått, bare det som Gud forstår er godt.

Hvite engler står ved hvert et trinn. Mor har sagt at en av dem er min.
Jeg er glad for stigen kan du tro - barnas aller beste himmelbro.



1						
2						
3						
4						
5						
6						

1. Ansvarleg redaktør for Misjonshusbladet
2. Gardsnamn på Varhaug
3. Gjorde Jesus då han han var på jorda
4. Evangeliet der du finn juleevangeliet
5. Gardsnamn aust på Varhaug
6. Etternamn på predikant

Dersom du har løyst oppgåva rett, vert løysingsordet 1. loddrett namn på ein bibelsk person:

Skriv løysingsordet på eit ark, og legg det i postkassen til Misjonshuset innan 1.september.
Hugs namn, adresse og alder. Kanskje det er nettopp du som får ein premie. Lukke til!

Kva land er desse flagga frå?



I dette landet har
Misjonssambandet
misjonærer.



Her driv Normisjon
misjonsarbeid.

Billy!

På misjonshuset, kva er nå det? Det er ikkje ein teiknserie, men ei teknisk gruppe som har teke på seg å oppgradera Bilde(BIL) og Lyd(LY) på misjonshuset. I neste omgang (neste år) vil me sjå på det som har med lys og då vert det BILLY'S.

I denne omgang her me som målsetting å oppgradera PC-en i storsalen og få til betre lyd.

Dette gjeld og teleslyngene. Her har me bestilt eit instrument slik at me skal kunna fylgja med på at det er i orden med dei. Til «me syng jula inn» har det dei siste åra vore behov for å visa på storskjerm i matsalen det som føregår i storesalen. For å få dette til, har det vore behov for å leggja fram kabel kvar gong. Dette vil me no gjera permanent.

Prosjektorane i storesalen er skifa ut, og det er planlagt å laga til opplegg slik at om talaren har med seg eigen PC, så skal den kunna koplast til dei prosjektorane me har i taket.

Me vil montera fast PC i matsalen.

Me har og bestilt ei kraftig internett-linje, slik at nå er det ingen problem å visa filmsnuttar som ligg på nettet., f. eks. På mobilen kan du lasta ned f.eks Bibelen.no og fylgja med på ulike vers som vert siterte frå talastolen, om du ikkje har med deg Bibelen.

Dei som er med på dette er Tor Jarle Ueland, Toralf Liene, Børge Skretting, Stig Hobberstad, Kenneth Ueland, Magnus Skretting og Per Åge Skretting



Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Varhaugsv.89 - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08 -
Mob. 95 82 84 10 / 97 72 99 58

Orkel Direkte

Jæren Outreach

26. – 28. April på Varhaug Misjonshus.

Varhaug Kristelige Ungdomslag arrangerte 26 – 28 april en helg med møter, konserter og seminarer. Som et alternativ til møteveke ville vi prøve å arrangere en helg med opplegg for ungdom og voksne. Det startet på fredagen med møte kl 20.00 med Jan Einar Lerbrekk som taler og lovsangsgruppen "Immanuel". Vi hadde kaffe og kaker etter møtet og det ble åpnet på ungdomsloftet med kiosksalg og sosialt. Lørdagen startet med gutt- og jenteseminar kl 12.00 hvor et av temaene som ble tatt opp var medier og hvordan de påvirker oss i dag.

På kvelden hadde vi en lovsangskveld der Sentrumskirken Sandnes ledet lovsangen. Anledning for forbønn og bønnevandring og etter hvert åpnet ungdomsloftet der det ble servert mat og salg i kiosken. Helgen ble avsluttet i samarbeid med SUNDAG en konsert med Dust & Daisies og John Schlitt fra USA. John som er tidligere vokalist i bandet Petra delte sitt vitnesbyrd og sterke historie under konserten. I matsalen ble det åpnet for café og platesignering når konserten var avsluttet.

Vi takker alle som bidro og gjorde denne helgen til det den ble!

Kamilla Skretting



VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2013-2014

namn/tlf (*varamann i parantes*)

Vekenummer og dato .

Glenn Skretting

51430493/99158047

(*Gunhild Lobekk 95861391*)

Andreas Tysse

91868373

(*Jarand Scheie 95895664*)

Per-Arvid Jakobsen

51430082/92617652

(*Sindre Varhaug 95938409*)

Åge Skrettingland

90939439

(*Anne Synnøve Ånestad*)

Lars Kristian Haaland

95145516

(*Magnus Skretting*)

Astrid Varhaug

51430336

(*Karin Undheim*)

Terje Skretting

900 59 582

(*Leif Nord-Varhaug 91192055*)

Loyd Aanestad

51432149/91539216

(*Kjell Gunnar Arnesen*)

Peter Vagle

51430376/91805245

(*Ståle Ånestad*)

7 16 25 34 43 52 09 18

11/2 15/4 17/6 19/8 21/10 23/12 24/2 28/4

8 17 26 35 44 01 10 19

18/2 22/4 24/6 26/8 28/10 30/12 3/3 5/5

9 18 27 36 45 02 11 20

25/2 29/4 1/7 2/9 4/11 6/1 10/3 12/5

19 28 37 46 03 12 21

4/3 6/5 8/7 9/9 11/11 13/1 17/3 19/5

11 20 29 38 47 04 13 22

11/3 13/5 15/7 16/9 18/11 20/1 24/3 28/5

12 21 30 39 48 05 14 23

16/3 20/5 22/7 23/9 25/11 27/1 31/3 2/6

13 22 31 40 49 06 15 24

25/3 27/5 29/7 30/9 2/12 3/2 7/4 9/6

14 23 32 41 50 07 16 25

1/4 3/6 5/8 7/10 9/12 10/2 14/4 16/6

15 24 33 42 51 08 17 26

8/4 10/6 12/8 14/10 16/12 17/2 21/4 23/6

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 19.00-21.00, frå 15. mai til 15. august er det "sommartid", åpent kl 20.00-21.00

Styret for Misjonshuset.

FASTE SAMLINGAR:

HOMLEBØLET	For barn 0-6 år i fylgje med vaksen. Tysdagar kl 10.00- 12.00 (ikkje i skuleferie)
ÅPEN BARNEHAGE	Måndag og Torsdag kl 09.00-13.00 (ikkje i skuleferie)
SPEIDAREN	Onsdager kl 19.00-21.00
ROVER	Måndagar kl 19.00-21.00
ÅPENT HUS	For ungdom frå 8. klasse og oppover. Fredagar frå kl 20.00-23.30
SPIREN	Torsdag kl 16.30- 18.00, oddetalsveker. For jenter og gutar 3-5. klasse
GUTELAGET, NMS	Torsdag i partalsveker, kl 19.00-20.15
TENNPLUGGEN	Torsdag i oddetalsveker. Motormekking og crosssykling. kl 19.00
VI OVER 60	1. og 3. Onsdag i mnd, kl 14.00- 16.00
NMS MANNSFORENING	Tysdag i partalsveker, kl 19.00- 21.00
SUNDAGSSKULEN	Kvar Sundag kl 10.30- 11.00 (ikkje når det er familiegudsteneste).
FRES, ten- opplegg	Fredag i oddetalsveker, kl 19.00- 20.45. For alle som går 5 til 8. klasse
UNGDOMSLAGET	For ungdom frå 8. klasse og oppover. Samling på Laurdagar kl 20.00
BØNESAMLING	Måndagar i partalsveker, kl 20.00, for alle

SANG OG MUSIKK:

Minikor	Øving kvar Måndag kl 17.15- 17.50
Yngreskoret	Øving kvar Måndag kl 18.00- 18.45
Hananja	Øving Onsdag i oddetalsveker kl 20.00
Musikklaget	Øving Tysdag i oddetalsveker kl 20.00
Ungdomskoret	Øving kvar Tysdag kl 19.00
Lovsangsgrupper	Øving Torsdagar kl 19.00
SUNDAG Lovsangsgroupe	Øving Mandagar kl 19.00

Oktober

- 09. Møteveke NLL
- 10. Nattverdsmøte
- 14. SUNDAG
- 20. Familesamling KIA
- 17. Møteveke NOR
- 23. Møteveke IMF
- 28. SUNDAG
- 31. Møteveke NMS
NOR



Andre samlingar .

Mai

11. Israelsmisjonen+NLM
Sangkveld
13. NLM fest
15. Vi over 60
15. Nattverdmøte
17. Nasjonalfest
20. Israelsmisjonen, fest
26. SUNDAG

September

1. SUNDAG
3. NLM
4. Vi over 60
5.-8. IMF basarhelg
13. Misjonshusbasaren
15. SUNDAG
18. Vi over 60
18. Nattverdmøte
17.-21. NLM møteveke
22. søndagskulen, frokost
25. IMF Bildøy-møte
27. NMS, basar
29. SUNDAG

November

- 2. NMS møteveke
3. NMS Allehelgensfest
5. NLM
6. Vi over 60
6.-9. Israelsmisjonen
10. SUNDAG
15.-16. NLM julemesse
20. Vi over 60
20. Nattverdmøte
22.-23. NMS julemesse
24. SUNDAG
27.- Flymisjonen

Juni/Juli

2. NOR Hagestevne
5. Vi over 60
9. SUNDAG
12. Nattverdmøte
19. Vi over 60
23. SUNDAG

Oktober

2. Vi over 60
4.-6. IMF møtehelg
8. NLM
13. SUNDAG
16. Vi over 60
16.-20. NOR møteveke
23. Nattverdmøte
23.-26. Lekmannsmisjonen
27. SUNDAG
30.- NMS møteveke

Desember

-1. Flymisjonen
4. Vi over 60
8. SUNDAG
9. NLM lagsmøte
11. Nattverdmøte
15. Vi syng jula inn
15. Vi over 60, eldremiddag
26. 2.dags festen
27. søndagskulen, juletreffest

August

11. NMS Hagestevne
18. SUNDAG
21. Vi over 60
21. Nattverdmøte
30. NLM basar

(NLM)=Norsk Luthersk Misjonssamband, (NMS)=Det Norske Misjonsselskap,
(IMF)=Indremisjonsforbundet, (NOR)=Normisjon

Tur til Israel

i september under Løvhyttefesten

Sokneråda i Hå saman med Fokus Reiser inviterer til tur til Israel 18.-28 september i år. Turleiarar er Øivind Østereng, Borgny og Per Åge Skretting.

Tid: 18.-28.9.13.

Tema: Løvhyttefesten og våre jødiske/kristne røter.

Fly: Charter direkte frå Sola til Ben Gurion i Israel

Bustader: Hotel Eshel Hashomron i Ariel, 5 netter, Hotel Ramada Royal Wing, Jerusalem, 5 netter

Besøk: Samaria med Garisim, Shiloh, Elon Moreh, Ebal og Nablus(Sykar, Jakobs brønn)
Galilea med Kapernaum, Tabgha(Peters fiskeplass), Saligprisingsfjellet. Båttur på Genesaretsjøen mm.
Haifa, Ceasarea ved havet, Karmelfjellet og kibbutz Neve Yam, Tel Aviv med gudsteneste i Immanuelskyrkja, Joppe(Jaffa) og besøk i messiansk menighet, besøk på avsalting/renseanlegg.
Jerusalem, Dødehavet, moshav i Jordandalen, dåpstaden ved Jordanelva der Jesus vart døypt, Jeriko, Betlehem, Rakels grav, Hebron, Betania med Larasus si grav, Den Herodianske tunnel, Gordons Golgata, Zedekia-hola, Zions berg, Hanegalkyrkja, Gamlebyen ++
Jerusalem-marsj for dei som ynskjer det.

Interesserte kan ta kontakt med Fokus Reiser, tel. 38 12 56 60/ www.fokusreiser.no eller Per Åge Skretting på tlf. 90058503/E-mail: pea-skr@online.no
Påmelding snarast og innan 1. august 2013.



Ny internettside for Varhaug Misjonshus

Her er den nye internett siden til Varhaug Misjonshus. Det er bare å klikke rundt og finne informasjon. Håper du finner det du trenger.

Send oss gjerne informasjon som kan legges ut på sidene. Dette kan sendes til PR-ansvarlig i en av eierorganisasjonene eller som epost til webredaksjonen@varhaug-misjonshus.no.

Det er også eget kontaktskjema for dette på internettsiden under kontakt oss.

www.varhaug-misjonshus.no

Njål Omland

Varhaug Misjonshus

"Kom og se! Joh. 1,46"



Hjem Kontakt oss Møteplan Sondag Kor Ungdom Barn Misjonsorganisasjoner Foreninger og lag Om Misjonshuset

← 2. påskedagsmøte

Velkommen til ny Internett side for Varhaug Misjonshus

Sistrevet 3. april 2013 av Njål Omland

[Veg fra menyen over for å finne mer informasjon:](#)

Hjem:	Artikler om arrangement og anna informasjon
Kontakt oss:	Her er det ulike kontakt-skjemaer for Bestillinger, Forslagskasse ..
Møteplan:	Oversikter over hus bestillinger og faste arrangement
Sondag:	Informasjon om arrangementet Sondag
Kor:	Informasjon om korene på misjonshuset
Ungdom:	Informasjon om ungdomsaktiviteter
Barn:	Informasjon om barneaktiviteter
Misjonsorganisasjoner:	Informasjon om eierorganisasjonene
Foreninger og lag:	Informasjon om foreninger og lag tilknyttet misjonshuset
Om Misjonshuset:	Informasjon om misjonshuset



Kva skjer:

- Humlebølet
07.05.2013 (flere dager) kl. 10:10
- Sangmøte
11.05.2013 kl. 19:30
- SUNDAG
12.05.2013 kl. 19:30
- Humlebølet
14.05.2013 kl. 10:00
- Humlebølet
21.05.2013 kl. 10:00
- SUNDAG
26.05.2013 kl. 19:30
- Humlebølet
28.05.2013 kl. 10:00
- Humlebølet – sommeravslutning
04.06.2013 kl. 10:00
- SUNDAG
09.06.2013 kl. 19:30

The image shows a religious artwork, possibly a tapestry or a framed painting, set within a light-colored wooden frame. The central element is a yellow, scroll-like banner with a decorative, wavy border. On the banner, there is text in a cursive script. The scroll is adorned with floral motifs: at the top, a cluster of red and pink flowers with green leaves; at the bottom left, a red flower and a blue flower; and at the bottom right, a red flower. A small red flower is also visible at the very bottom right of the scroll. The background of the scroll is a light yellow color, and the text is written in a dark brown or black ink.

Gårdagen
er forbi.
Morgendagen
har ingen sett.
I dag hjelper
Herren!